

## **Rapport Nes, Vona og området rundt, 15.07.2022 til 15.04.2023**

Jaktutvalet Fjff, viser til forvaltningsstrategi frå 2015 og seinare år.

Viser òg til jaktreglement, etter takseringsresultat, som vart lagt ut på portal.

Vi driv aktiv fellefangst og sonetaksering, for deretter vurdere tilrådeleg jaktuttak.

Våren 2022 starta bra, og gav mtp veret, grunnlag for brukbar klekking. Det er normalt/stabilt med stamfugl i dalføret. Men i klekkinga frå midten av Juni og utover Juli/August, vart det mykje regn og relativt kjølig. Dette gav truleg høg dødelighet, og viste stor kullvariasjon i takseringsresultatet. Totalt gjennomsnittleg kyllingproduksjon vart under middels på 2.0 (kyllingar per voksenpar) Det var truleg 8 rypepar (Nes/Vona) som ikkje hadde kyllingar hausten 2022. Lyspunktet er at det er ein relativt fast stamfuglbestand i Nes terrenget, som gjev gode håp for neste klekking, berre verforholda spelar på lag.

**Med bestandsvurderinga som utgangspunkt, og vanskelig å få eit fornuftig og bærekraftig jaktuttak, bestemte FJFF å avlyse jakta i 2022. Faren for skadeleg uttak av stamfugl var for stor.**

Vi har i fleire år vurdert om det kunne vere fleire årsaker til død/tap av rype/skogsfugl.

Vi bestemte derfor hausten 2022 å ta kontakt med Veterinærinstituttet, og på deira tilråding, felte 1 voksen fugl og 2 kyllingar. Dette vart gjort. 1 kylling frå Vona og 1 kylling + ei voksen høne frå Nes. Vi fekk tilbakemelding om funn av **Eimeria sp (koksidiøse)**.

Det er for tidleg å seie noko om omfang og påverknad. Det er òg interessant at Veterinærinstituttet uttalar lite kunnskap om denne snyltaren. Derfor har eg sendt vidare V.I. sin rapport til NINA, som har dei beste forskarane på dette området.

Limer inn nedanfor, det ein kan google av informasjon så langt:

Hos husdyrene opptrer slektene *Eimeria* og *Isospora* med tallrike arter som viser stor arts- og vertsspesifisitet. Koksidiøse angriper særlig ungdyr, hvor sykdommen som regel fremkaller en heftig tarmbetennelse med ofte blodblandet diaré og stor dødelighet.

Hos oss er koksidiøse vanligst hos høsekyllinger, kaniner, sølvrev og blårev, men opptrer også hos storfe, sau, geit og svin. Hos vilt kan koksidiøse forårsake stor dødelighet hos ryper og harer, likeledes hos rotter, marsvin og ekorn.

**Det har på Nes/Vonaterrenget frå 15.07 2022- 15.04.23, vore fanga 5 stk røyskatt. 7 mår (av desse 3 på Vona) og 5 rev (av desse 3 på Vona) i haust/vintersesongen. Det vert og felt noko kråkefugl under jakta. Ravn er ein betydeleg predator.**

I forhold til aktiviteten på åteplassane og sporaktiviteten, er dette tilfredsstillande. I tillegg er det andre i bygda som driv fangst av mår, og jakt på rev.

## **Observasjonar:**

Vi ser at mengde revespor heilt klart har minka dei siste åra. Det var svært lite observasjonar av smånagarar sist haust, noko som ein kunne frykte førte til auka predasjon på småviltet. Vi held fram åtejakt etter rev på Nes/Vona, og håpar å holde kontroll på revebestanden. Vi ber om observasjonar på revehi i tida fram til jaktstart 15.07.23

Mårspor vert sett i mindre omfang. Observasjon av røyskattspor, var som eit normal år.

Vi er fortsatt uroa over mengde observasjonar av dei freda predatorane, ørn, hauk, og falk. Vi er usikre på kor stor innverknad dei hekkande måsane har i området rundt vatna innover, men måsen ser eg er aktiv langt opp i liane.

For Jaktutvalet (Nes-terrenget)  
Rune Olsbø